

VÅRE VERDIAR

PÅLITELEGE, FRAMSYNTE, HA PÅGANGSMOT OG HUMØR

VÅR VISJON

SAMAN SKAPAR VI VERDIAR FOR BYGDA VÅR!

FORRETNINGSIDE


Vi skal vere ein framtidretta verdiskapar med kunderetta verksemd innan fornybar energi, infrastruktur, smartstraum og tilknytte tenester innan marknaden vår

SAMANDRAG AV ÅRSMELDINGAR 2022

FOR
SKJÅK ENERGI AS
SKIAKERNETT AS
SKJÅK ENERGI ENTREPRENØR AS
SKJÅK VASSKRAFT AS
AURSJOKRAFT AS

Konsernet Skjåk Energi utgjer fem selskap der drifta omfattar distribusjon og omsetning av elektrisk energi i heile Skjåk kommune, samt dei delane av tunnelanlegga på riksveg 15 Skjåk - Stryn som ligg i Stryn. Konsernet forvaltar diverse kraftrettar for Skjåk kommune og eig rettार på uttak av produksjon i kraftverka Skjåk 1, Øyberget og Framruste. Elverket har engasjert seg i utbygging av breiband i Skjåk, sel og monterer solcelleanlegg og varmpumper og engasjerer seg i næringsutvikling i bygda. Skjåk Energi, tidlegare Skjåk Kraftverk, vart starta opp i 1919.

Skjåk Energi er heileigd av Skjåk kommune og er frå 2021 organisert som eit konsern. Krav i energilova om at nettverksemda/overføringsverksemda skal vere organisert i eige selskap er bakgrunnen for omdanninga til konsern. Morselskapet Skjåk Energi AS er heileigd av Skjåk kommune og eig fullt ut dei fire dotterselskapa SkiakerNett AS, Skjåk Energi Entreprenør AS, Skjåk Vasskraft AS og Aursjokraft AS.



Skjåk Energi er ikkje omfatta av kravet om funksjonelt skilje og kan difor ha felles leing og styre i alle selskapa i konsernet. Styret i morselskapet og dotterselskapa har i 2022 vore:

- Hans Sæther (styreleiar)
- Odd Jan Hølmo (nestleiar)
- Thea Mork Kummen
- Ragna Flækøy Skjåkødegård
- Hans Vigstad
- Oddbjørn Sperstad (valt av dei tilsette) (t.o.m. oktober 2022)
- Roy Olav Lund (valt av dei tilsette) (f.o.m. november 2022)

Samfunnsansvar

Skjåk Energi bidreg direkte og indirekte til ein betydeleg verdiskaping i samfunnet. Det sosiale ansvaret til elverket omfattar fyrst og fremst medarbeidarane våre. Vi legg stor vekt på at Skjåk Energi skal vere ein god arbeidsplass, der dei tilsette kan føle at dei utviklar seg og arbeider i eit positivt miljø. Dette har også stor betydning for rekruttering til elverket. Det er viktig med lokale kompetansesarbeidsplassar. Skjåk Energi støtter opp om barne-, ungdoms- og idrettsarbeid. Dette er gode formål vi skal syne merksemd vidare. For Skjåk Energi er det viktig å vise medarbeidarane at elverket er godt integrert i det samfunnet vi lever i, og at vi er eit sosialt ansvarleg elverk som bidreg positivt både i bransjen og i lokalmiljøet i Skjåk. Støtte blir gjeve både som arbeidskraft, utstyr og/eller pengar. Skjåk Energi er bevisst på å bruke lokale leverandørar ved kjøp av varer og tenester. Skjåk Energi har utarbeidd eigne grunnverdiar og etisk verdigrunnlag som set fokus på haldningar og åtferd som er forventa av den einskilde medarbeidar. Desse skal følgjast av alle tilsette for å ivareta omsynet til sosiale forhold, samfunn og miljø. Varsling av mistanke eller kjennskap til brot på etiske retningslinjer skal gjerast slik som Varslingsplakaten beskriv, der varslaren også kan vera anonym.

Hovudtrekk

2022 vart nok eit krevjande år. Etter at vi har levd gjennom to år med restriksjonar gjennom pandemien, gjekk Russland inn i Ukraina i slutten av februar. Sjølv om vi lever i fredelege område, har dette gjeve store utfordringar mellom anna knytt til auka renter og prisstiging.

Den russiske invasjonen av Ukraina har medført ei energi- og kraftkrise som har påverka straumprisen i stor grad. Minka tilgang til gass grunna boikott av russisk gass i Sentral-Europa har og påverka prisane her heime. Prisområdet vårt har ikkje vorte påverka i så stor grad som områda lenger sør i landet. Ein ser dette mellom anna gjennom at vi i 2022 hadde berre to månader med straumstøtte i vårt prisområde.

Nettverksemda jobbar stadig med forbetringar og har klart å holde effektivitetsmålingane oppe på same nivå som i 2021. Dette ligg nå på snittet av alle nettselskap i landet. Det har vore lite feil i nettet og vi har klart å halde Kilekostnadene på eit lågt nivå. Likevel ser ein at rammevilkåra gjer at vi må halde trykk på forbetningsarbeid og tenkje lønnsemd vidare framover og.

Fiberutbygging i Skjåk har vore høgt prioritert. Under Hausttakk i oktober vart det markert at 99,5 % av dei fastbuande i kommunen har tilgang til fiber, vidare håper vi at vi saman med Eidsiva Bredbånd kan leggje til rette for å dekkje hyttemarknaden og.

Straumsalet vert skjøtta gjennom Aursjokraft. Her satsar vi framleis berre på sal av straum i vårt område. Vi gjekk inn i 2022 med eit fastpristilbod som var konkurransedyktig og mange abonnentar valde å nytte seg av dette. Gjennom sommaren heldt prisane seg låge, likevel vart det nye tilbodet om fastpris for 2023 godt motteke da det vart lansert utpå hausten. Gjennomsnittsprisen i vårt prisområde vart om lag 43 øre/kWh. Dette var omtrent på same nivå som i 2021.

Gjennom 2022 har det vore ein jamn etterspørsel etter solcelleanlegg der vi har hatt montering gjennom heile sommarhalvåret fram til vêrtilhøva stoppa aktiviteten. Vi ser og på alternative inntektskjelder i Skjåk Energi Entreprenør til dømes termografering og internkontroll.

Vi har i 2022 starta opp ein prosess for å sjå på kva ein kan oppnå ved ein fusjon med anna selskap av verksemda til konsernet Skjåk Energi med unnatak av Skjåk Vasskraft AS. Dette for å sikre framtidig, forutsigbar inntening både for eigar, innbyggjarane og næringslivet i Skjåk, samt krav til kompetanse og robuste fagmiljø i selskapet. Prosessen skal få fram beslutningsgrunnlag og skal etter planen avgjerast i generalforsamling i løpet av 2023.

Resultat

Samla sett hadde konsernet driftsinntekter på 71,8 MNOK (63,0 i 2021). Vi har hatt ei betring i driftsresultat frå 17,1 MNOK i 2021 til 20,9 MNOK i 2022. Resultat før skatt vart 19,1 MNOK (15,2 MNOK i 2021), men skattekostnad på heile 14,5 MNOK gjer at årsresultatet vart 4,6 MNOK.

	KONSERN	
	2022	2021
Sal av kraft	47 348	41 163
Overføringsinntekter	17 926	17 231
Anna driftsinntekt	6 561	4 624
Sum driftsinntekter	71 835	63 018
Energikjøp	10 486	12 239
Overføringskostnader	1 684	2 047
Varekjøp	4 011	1 615
Lønskostnad	14 051	12 319
Avskrivning	4 977	4 416
Annan driftskostnad	15 722	13 316
Sum driftskostnader	50 933	45 952
Driftsresultat	20 902	17 066
Finansinntekter	1 106	947
Finanskostnader	2 906	2 816
Resultat av finansposter	-1 800	-1 869
Ordinært resultat før skattekostnad	19 102	15 197
Skattekostnad	14 542	11 118
Årsresultat	4 560	4 079

Tal i heile 1.000 kr	KONSERN	
	2022	2021
BALANSE 31.12		
EIGEDELAR		
ANLEGGSMIDLAR		
Utsett skattefordel	3 114	3 800
Forsking og utvikling	50	50
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	70 772	72 092
Maskiner og anlegg	26 553	25 863
Anlegg under oppføring	2 814	0
Teleanlegg	19 779	20 344
Transportmiddel, driftlausøyre	4 187	3 934
Investering i tilknytt selskap	2 500	2 500
Investering i aksjar og andelar	8 767	8 469
Andre langsiktige krav	1 941	2 706
Sum anleggsmidlar	140 453	139 758
OMLØPSMIDDEL		
Varer	1 858	1 844
Kundekrav	25 935	15 319
Andre kortsiktige krav	5 815	2 850
Bankinnskott, kontantar m.m.	17 007	26 411
Sum omløpsmiddel	50 615	46 424
Sum eigedelar	191 068	186 182

BALANSE 31.12	KONSERN	
	2022	2021
EIGENKAPITAL OG GJELD		
EIGENKAPITAL		
Aksjekapital	10 000	10 000
Overkurs	52 557	52 557
Annan innskoten egenkapital	0	
Annan egenkapital	3 541	1 926
Sum egenkapital	66 098	64 483
GJELD		
Utsett skatt	1 755	1 421
Pensjonsplikter	442	259
Ansvarleg lån	87 000	89 000
Leverandørgjeld	11 549	7 960
Betalbar skatt	12 474	9 151
Skyldige offentlege avgifter	2 824	5 703
Utbytte	2 307	3 500
Anna kortsiktig gjeld	6 090	4 485
Akkumulert meirinntekt	529	220
Sum gjeld	124 970	121 699
Sum egenkapital og gjeld	191 068	186 182

Nøkkeltal

Tal i heile tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Omsetnad	71 835	63 018	44 087	64 497	63 889	54 374
Driftsresultat	20 902	17 066	4 266	9 892	21 684	13 202
Resultat før skatt	19 102	15 197	2 249	9 175	18 407	11 161
Netto driftsmargin	29,1 %	27,1 %	9,7 %	15,3 %	33,9 %	24,3 %
Resultatgrad	30,6 %	28,6 %	10,9 %	15,0 %	29,3 %	20,8 %
Totalkapitalavkastning	11,7 %	10,2 %	2,8 %	12,8 %	12,5 %	8,7 %
Eigenkapital	66 098	64 483	63 211	62 063	58 464	55 354
Eigenkapitalavkastning	28,9 %	23,6 %	3,6 %	14,8 %	31,5 %	20,2 %
Eigenkapitalandel	34,6 %	34,6 %	37,8 %	34,2 %	32,3 %	32,1 %
Tal på heiltidstilsette	13	14	14	14	15	15
Tal på deltidstilsette	2	1	1	1	1	1
Årsverk	14,3	15,0	14,5	14,5	15,5	15,5
22 kV leidning (km)	129	129	129	132	132	133
22 kV kabel (km)	49	48	47	48	48	47
Lågspenteleidning (km)	142	143	144	145	146	149
Lågspentekabel (km)	144	141	139	146	138	144
Fordelingstransformatorar (stk)	209	209	207	207	208	208
Fordelingstransformatorar, yting (kVA)	39 025	38 775	36 725	36 725	36 825	37 825

Selskapsvise hovudtal

	Skjåk Vasskraft	SkiakerNett	Aursjokraft	Skjåk Energi Entreprenør	Skjåk Energi AS	Total
Sal av kraft	45 396	76	18 972	0	0	64 443
Overføringsinntekter	0	17 926	0	0	0	17 926
Anna driftsinntekt	0	1 815	0	5 349	9 203	16 367
Sum driftsinntekter	45 396	19 816	18 972	5 349	9 203	98 736
Energikjøp	11 254	0	15 877	0	0	27 131
Overføringskostnader	0	1 684	0	0	0	1 684
Varekjøp	1 420	317	0	2 959	0	4 696
Lønskostnad	0	6 044	0	1 101	6 906	14 051
Avskrivning	1 142	2 306	0	941	589	4 978
Annan driftskostnad	8 418	7 983	2 808	3 143	2 958	25 310
Sum driftskostnader	22 235	18 335	18 685	8 143	10 453	77 851
	0	0	0	0	0	0
Driftsresultat	23 161	1 481	287	-2 795	-1 250	20 884
	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter	162	49	26	0	1 057	1 294
Finanskostnader	2 897	1	188	4	4	3 094
Resultat av finansposter	-2 735	48	-162	-3	1 053	-1 799
	0	0	0	0	0	0
Ordinært resultat før skattekostnad	20 426	1 529	124	-2 798	-196	19 085
Skattekostnad	14 831	336	27	-616	-37	14 541
Årsresultat	5 594	1 192	97	-2 183	-159	4 541

På grunn av at konserninterne transaksjonar blir eliminert vil ikkje summen av selskapsstala bli det same som for konsernet totalt.



Skjåk Vasskraft AS

Drifta i Skjåk Vasskraft AS omfattar kraftforvaltning og deleigde kraftstasjonar. Skjåk Vasskraft AS eig sju prosent i kraftverka Øyberget og Framruste og har rett på årleg uttak på 16,5 % av produksjonen i kraftverket Skjåk 1. Delane av Øvre Otta DA og Opplandskraft DA er innarbeidd brutto i rekneskapen for Skjåk Vasskraft AS og selskapet svarar for overskotsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og grunnrenteskatt. Kraft til innbyggjarane i Skjåk blir selt gjennom Aursjokraft AS og resterande mengde blir selt på den opne marknaden. Selskapet oppnådde eit resultat før skatt på 20,4 MNOK og etter skatt var årsresultatet 5,6 MNOK.

Gjennomsnittleg spottpris i prisområde 3 (NO3) vart 43 øre/kWh (42 i 2021). God spottpris og stor skilnad mellom spottpris i NO3 og systemprisen gjorde at selskapet fekk eit tap på prissikring på 4,7 MNOK.

Bygging/oppgradering av Måråe Kraftverk, der Skjåk Vasskraft AS og Skjåk Almenning kvar har 50 % av aksjane, vart starta opp i 2022. Planen er at kraftverket, med ein forventa årsproduksjon på 2 GWh, skal setjast i drift sommaren 2023.

Rente-, valuta- og krafthandelsrisiko

Skjåk Vasskraft har eitt ansvarleg lån med fast rente. Selskapet har ingen lån utover dette. Skjåk Vasskraft har ikkje lån plassert i utanlandsk valuta. Ein mindre del av likvide middel er plassert i euro pr. 31.12. Omsetnad av kraft over børsen Nord Pool blir rekna i euro. Oppgjera er omrekna og fakturert i norske kroner. Bedrifta er avhengig av forholdet mellom kursen i euro og norske kroner. Risikoen ved krafthandel består i hovudsak av prisisiko og volumrisiko. Kraftprisen er marknadsbasert og prisvariasjonane i kraftmarknaden er store samanlikna med andre råvaremarknader. Krafttilgangen hos Skjåk Vasskraft AS består av produksjon i deleigde verk som vil variere etter blant anna magasin-/snø-/ og nedbørssituasjon. Mengda overskotskraft vil variere med mengda produsert kraft i forhold til mengda kraft seld til sluttbrukarar i Skjåk kommune. Forbruket til sluttbrukarane vil vere avhengig av temperatur og vêrforhold, samt marknadsdelen i kommunen.

Det er vedtekne rammer for sikring av priser i samband med sal av overskotskrafta. Selskapet har ein definert risikostrategi som skal bidra til å sikre avsetning av overskotskraft til ein god og forutsigeleg pris. Prissikringa for sal av overskotskraft vert sett på i eit tre års perspektiv og i 2022 var det eit realisert tap på 4,7 millionar.

Aursjokraft AS



Aursjokraft AS står for sal av kraft til privatpersonar, hytter og næringsverksemdar i Skjåk. Aursjokraft AS kjøpte i 2022 all kraft (37,7 GWh) frå Skjåk Vasskraft AS og hadde ein marknadsdel på 89 % i Skjåk kommune. Resultatet før skatt vart på 124 TNOK og etter skatt 97 TNOK. Året var prega av ein uroleg kraftmarknad med til dels svært store prisvariasjonar. Siste kvartal kom selskapet med tilbod om fastprisavtale til skjåkværanane og etter responsen å dømme vart dette veldig godt motteke.

SkiakerNett AS



SkiakerNett AS er eit selskap der drifta omfattar distribusjon av elektrisk energi og lokalt eltilsyn (DLE). Selskapet hadde i 2022 eit driftsresultat på 1,5 MNOK. Det vart målt inn totalt 60,5 GWh på nettet i 2022 og eit mål forbruk på 56,96 GWh. Produksjon frå plusskunde var på 0,153 GWh. Dette gjev eit nettap på 1,88 GWh som utgjer 3,3 % mot 4,0 % i 2021.

Ein har i løpet av 2022 vorte ferdig med å skifte av straummålarar. Tre transformatorar er i løpet av året bygt eller oppgradert NS-028 Fosstugu, NS-073 Auale og NS-100 Holemork. Anna prosjekt som er gjennomført: Skogrydding mellom Dønfoss og Lom grense, omprofilering av selskapet, provisorisk anleggsstraum og ombygging av endemast ved nye Måråe Kraftverk, lagt om nokre blanke liner til isolerte, noko ombygging frå luft til bakke anlegg og omlegging av styring på anlegg i Strynefjellstunellane. Har også hatt ein del arbeid med planlegging og arbeid rundt ny flaumvoll Bismo.

Det har vore stabil leveranse av straum og ingen større naturhendingar slik at KILE-kostnaden (kostnad for ikkje levert straum til kundane) er låg med kr 158.886,-

Overføringsverksemda til energiverk er regulert gjennom fastsette reglar for kostnadsberekning/-fordeling og inntektsramme. Regelverket blir administrert av NVE, som fastsett ei inntektsramme for overføringsverksemda kvart år. Meir- eller mindreinntekta vert rekna ut frå om overføringsverksemda har teke inn høgare nettleige enn ramma eller ikkje. Meirinntekt skal attendeførast til kundane gjennom endring av tariffane i påfølgande år. Mindreinntekt kan krevjast attende frå kundane gjennom endring av tariffane i påfølgande år. SkiakerNett AS hadde i 2022 ei meirinntekt på 0,3 MNOK (meirinntekt på 1,3 MNOK i 2021). Akkumulert meirinntekt ved utgangen av 2022 var 0,5 MNOK.

Skjåk Energi Entreprenør AS

Skjåk Energi Entreprenør AS er eit selskap der drifta omfattar utbygging av fiber i Skjåk, montering og sal av solcelleanlegg og varmpumper.

Selskapet har også vore involvert i prosjekt for å utvikle ny næringsverksemd i Skjåk. Selskapet hadde ein omsetnad på 5,3 MNOK og eit driftsunderskot på 2,7 MNOK. Styret er ikkje nøgd med oppnådd resultat og tiltak er iverksett for å betre dette.

Skjåk Energi AS

Skjåk Energi AS er morselskapet i konsernet og verksemda omfattar i hovudsak sal av tenester til dotterselskapa. Dette gjeld dagleg leiging, administrasjon, økonomi, IT m.m. Selskapet eig administrasjonsbygget i Bismo sentrum og står for utleige av lokal både internt i konsernet og til eksterne. Selskapet hadde i 2022 ein omsetnad på 9,2 MNOK, eit driftsunderskot på 1,25 MNOK og resultat etter skatt og konsernbidrag på -159 TNOK.

Personell og organisasjon

Konsernet sysselsette i 2022 15 årsverk og hadde ved utgangen av året 15 tilsette (4 kvinner og 11 menn). Sjukefråværet var på 7,4 % (1,1 % i 2021), av dette var 2,1 % korttidssjukefråvær og 5,3 % langtidssjukefråvær. Drifta har ikkje ført til ulykker eller skader.

Framtidsutsikter

Styret stadfester at føresetnaden om vidare drift er til stades og at dette er lagt til grunn i utarbeiding av rekneskapen for mor- og dotterselskapa.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete av egedelane og gjelda, den finansielle stoda og resultatet til mor- og dotterselskapa.

Totalt resultat etter skatt i sum for selskapa i konsernet er 4,6 MNOK. Styret gjer framlegg om at 2,3 MNOK blir avsett til ordinært utbytte og resterande blir disponert ved at 2,3 MNOK blir overført frå annan eigenkapital.

For fleire detaljar syner styret til resultat-, balanse- og noteframstillingar i dei respektive selskapa.